

Råd for personar med funksjonsnedsetjing

Møteprotokoll

Møtedato:	27.05.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Møterom 107
Møtetid:	Kl. 14:00 - 17:00

Medlemer som møtte	Parti
Lisbeth Hjortland	Funksjonshemmedes fellesorganisasjon
Rune Kobbeltvedt	Funksjonshemmedes fellesorganisasjon
Christian Daae-Hansen	Fremskrittspartiet
Renate Toft	Høgre
Stine Waagsbø Lillebø	Løvemammaene
Christel Borge Bersaas-Nesse	SAFO

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Marita Harkestad Oen	Ap		
Anne Hilde Flindt	FFO		
Morten Ulvedal Nilsen	FFO		

Andre som møtte	Rolle
Anita Garlid Johannessen	Politisk kontakt i råda

Møteleiar	Lisbeth Hjortland
Møtesekretær	Lisbeth A. Lyngbø

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
020/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
021/26	Referatsaker og orienteringar	
022/26	Orientering og innspel til Strategiplan for klima og energi	
023/26	Etablering av storkjøkken ved ny sjukeheim på Straume og utvikling av kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune	
024/26	Fleksibelt barnehageopptak - prinsipp og moglegheiter	
025/26	Innspel til oppstart av namnesak - Ny ungdomsskule på Bildøyna - Sak til medverknadsråda	
026/26	Handlingsplan - Råd for personar med funksjonsnedsetjing 2024 - 2027	
027/26	Tiltak for å gjere RFF betre kjent i kommunen	
028/26	Spørsmål	

020/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik den ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 020/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik den ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

021/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

Det var ingen merknader til referatsakene.

ORIENTERINGAR

Politisk kontakt Anita Garlid Johannessen orienterte om desse sakene:

- Første spadetak på ny ungdomsskule
- Minnemarkering etter Turøy-ulukka
- Beredskapsrådet
- Kommuneplanen: møte med Statsforvaltaren og andre instansar

Det var ingen merknader til orienteringane.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 021/26

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

022/26: Orientering og innspel til Strategiplan for klima og energi

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan innstilling.

Ungdomsrådet 14.04.2026

Fellesforslag Alva Betine Kilvik UR

Ungdomsrådet tek Strategiplan for klima og energi 2026-2040 til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga.

Behandling i møtet

Før saka vart teken opp til votering fekk ungdomsrådet følgjande orientering:

Strategiplan for klima og energi - orientering med dialog og innspel v/Hanna Gjesdal

Arbeidet med strategiplanen starta opp våren 2025, og det første som vart laga var nettsida for planarbeidet [Strategiplan for klima og energi 2026 - 2030 - Øygarden kommune](#)

- vidare er det innhenta kunnskapsgrunnlag og laga kartforteljingar
- neste skritt er å drøfta innsatsområder, mål og strategier og få innspel slik som frå ungdomsrådet
- planen kjem ut på høyring i september og skal endeleg vedtakast i desember.
- under presentasjonen vart det vist kva sektor i Øygardssamfunnet som har størst utslepp og kva sektor som har redusert utsleppa sine. For fleire detaljar vert det vist til nettsida over.
- Innspel/spørsmål frå ungdomsrådet til planen:
 - vil til dømes sal av rådhuset, flytting av tilsette og politikarar og dermed køyring til og frå påverke klimarekneskapen til kommunen - og kva kan i så fall gjerast. Svar frå adm er at kommunen skal ned på tal bygg og anlegg dei eig og meiner det vil samla sett påverke klimarekneskapen positivt.
 - Kvifor er det ikkje montert meir solcellepaneler på kommunale bygg: Svar frå adm er at dette vert vurdert, men til no har målingar vist at det ikkje fører til økonomiske

gevinster. Det er heller ikkje gode nok løysingar for lagring og deling av den produserte straumen.

- Ungdomsrådet vert oppfordrar til å sjå på kartforteljingane under Kunnskapsgrunnlaget. Det er tre kartforteljingar:
 - Klimagassutslepp i Øygarden
 - Klimaendringar og klimatilpassing
 - Energibehov og energiomstilling
- Notatet og kartforteljingane er levande dokument og vil bli oppdatert etter kvart som ny kunnskap og statistikk vert gjort tilgjengeleg.

Fellesforslaget vart samrøystes teke til orientering.

Vedtak i Ungdomsrådet 14.04.2026 - saksnr. 015/26

Ungdomsrådet tek Strategiplan for klima og energi 2026-2040 til orientering med innspel slik det går fram av behandlinga.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 15.04.2026

Tilleggsforslag frå RFF

- Det er ikkje mogleg i dag å komme seg rundt utan bil. Det må satsast på kollektivtransport for at fleire skal kunne nytte det.
- Då dette er eit stort fagfelt vert saka utsett til neste møte.

Behandling i møtet

Orientering

Hanna Gjesdal orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet og hadde slik presentasjon i møtet:

[Orientering - Strategiplan for klima og energi](#)

- Ønskjer innspel frå råda før planutkastet skal på høyring i august.
- Innspel kan sendast inn i etterkant dersom råda har fleire merknader. Det er framleis tidleg i prosessen, men helst før august.

Det vert oppmoda om å sjå på dei tre kartforteljingane under Kunnskapsgrunnlaget:

- [Klimagassutslepp i Øygarden](#)
- [Klimaendringar og klimatilpassing](#)
- [Energibehov og energiomstilling](#)

Både notat og kartforteljingar er levande kunnskap og vil bli oppdatert etter kvart som ny kunnskap og statistikk vert gjort tilgjengeleg.

Votering

Tilleggsforslaget frå RFF vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 15.04.2026 - saksnr. 015/26

RFF har slik tilråding i saka:

- Det er ikkje mogleg i dag å komme seg rundt utan bil. Det må satsast på kollektivtransport for at fleire skal kunne nytte det.
- Då dette er eit stort fagfelt vert saka utsett til neste møte.

Eldrerådet 16.04.2026

Tilleggsforslag frå eldrerådet

Eldrerådet har fått eit grunnlag for å behandla saka, men då dette er eit stort fagfelt, vert saka utsett til neste møte for å kunna komma med innspel

Behandling i møtet

Orientering

Saksbehandlar Hanna Gjesdal hadde slik orientering i saka og svarte på spørsmål frå eldrerådet:

[Orientering - Strategiplan for klima og energi](#)

- Ønskjer innspel frå råda før planutkastet skal på høyring i august.
- Innspel kan sendast inn i etterkant dersom råda har fleire merknader. Det er framleis tidleg i prosessen, men helst før august.

Det vert oppmoda om å sjå på dei tre kartforteljingane under Kunnskapsgrunnlaget:

- [Klimagassutslepp i Øygarden](#)
- [Klimaendringar og klimatilpassing](#)
- [Energibehov og energiomstilling](#)

Både notat og kartforteljingar er levande kunnskap og vil bli oppdatert etter kvart som ny kunnskap og statistikk vert gjort tilgjengeleg.

Votering

Tilleggsforslaget frå eldrerådet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Eldrerådet 16.04.2026 - saksnr. 018/26

Eldrerådet har slik tilråding i saka:

Eldrerådet har fått eit grunnlag for å behandla saka, men då dette er eit stort fagfelt, vert saka utsett til neste møte for å kunna komma med innspel

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Behandling i møtet

Saka vart utsett frå sist møte.

Votering

RFF vedtok samrøystes å ta arbeidet med planen til orientering.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 022/26

RFF tar arbeidet med "Strategiplan for klima og energi 2026-2030" til orientering.

023/26: Etablering av storkjøkken ved ny sjukeheim på Straume og utvikling av kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

- Kommunestyret vedtek at det vert etablert storkjøkken i ny sjukeheim på Straume.
- Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyret med ei eiga sak om framtidig og samla kjøkkenstruktur i Øygarden kommune når arbeidet med den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Tilleggsforslag Lisbeth Hjortland FFO

RFF støttar forslaget frå kommunedirektøren om å etablere storkjøkken ved den nye sjukeheimen på Straume.

Samstundes vil vi understreke at det er viktig å involvere dei som arbeider ved sjukeheimane i den vidare prosessen når ein skal vurdere den samla kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune, etter kvart som arbeidet med den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig.

Behandling i møtet

Votering

Tilleggsforslag frå Lisbeth Hjortland (FFO) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 023/26

RFF støttar forslaget frå kommunedirektøren om å etablere storkjøkken ved den nye sjukeheimen på Straume.

Samstundes vil rådet understreke at det er viktig å involvere dei som arbeider ved sjukeheimane i den vidare prosessen når ein skal vurdere den samla kjøkkenstrukturen i Øygarden kommune, etter kvart som arbeidet med den nye sjukeheimen nærmar seg ferdig.

024/26: Fleksibelt barnehageopptak - prinsipp og moglegheiter

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vidareførar dagens ordning med eitt hovudopptak, med løpande opptak ved ledige plassar i kommunale barnehager resten av året.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren halda fram med å utvikla oversikta på heimesida til kommunen, slik at ho viser tilgjengelege barnehageplassar.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak samrøystes vedteke

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 024/26

Råd for personar med funksjonsnedsetjing har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vidareførar dagens ordning med eitt hovudopptak, med løpande opptak ved ledige plassar i kommunale barnehager resten av året.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren halda fram med å utvikla oversikta på heimesida til kommunen, slik at ho viser tilgjengelege barnehageplassar.

025/26: Innspel til oppstart av namnesak - Ny ungdomsskule på Bildøyna - Sak til medverknadsråda

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Ungdomsrådet 26.05.2026

Endringsforslag

1. Ungdomsrådet kjem med innspel om at skulen skal få namn etter plassen den ligg på, Bildøyna.
2. Alternativt forslag kan vere at skulen kan kallast opp etter ein kjent person frå det geografiske området skulen ligg i.

Behandling i møtet

Votering

Endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Ungdomsrådet 26.05.2026 - saksnr. 024/26

Ungdomsrådet gir slik tilråding:

1. Ungdomsrådet kjem med innspel om at skulen skal få namn etter plassen den ligg på, Bildøyna.
2. Alternativt forslag kan vere at skulen kan kallast opp etter ein kjent person frå det geografiske området skulen ligg i.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Tilleggsforslag Lisbeth Hjortland FFO

RFF tilrår å kalla den nye ungdomsskulen for Bildøy ungdomsskule

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå Lisbeth Hjortland (FFO) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 025/26

RFF tilrår å kalla den nye ungdomsskulen for Bildøy ungdomsskule

026/26: Handlingsplan - Råd for personar med funksjonsnedsetjing 2024 - 2027

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Det er ikkje forslag til vedtak i saka.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Behandling i møtet

Rådet gjekk gjennom handlingsplanen i møtet og vurderte nye punkt.

RFF ønskjer å bidra i arbeidet med beredskapsplanen.

Rådet bestiller desse orienteringane til neste møte:

- Status for arbeidet med den nye ungdomsskulen, med oppfølging av saka med innspel.
- Oversikt over talet på søkjarar og kor mange som får plass på tilrettelagd avdeling i skulen. Oversikta skal òg innehalda ei vurdering av kor mange plassar den nye ungdomsskulen bør ha.
- Orientering frå Helse og Oppvekst om auken i barnevernssaker som gjeld barn med nedsett funksjonsevne.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 026/26

RFF vedtek at beredskap blir lagt inn som nytt kulepunkt i handlingsplanen.

RFF bestiller følgjande orienteringar til neste møte:

- Status for arbeidet med den nye ungdomsskulen, med oppfølging av saka med innspel.
- Oversikt over talet på søkjarar og kor mange som får plass på tilrettelagd avdeling i skulen. Oversikta skal òg innehalda ei vurdering av kor mange plassar den nye ungdomsskulen bør ha.
- Orientering frå Helse og Oppvekst om auken i barnevernssaker som gjeld barn med nedsett funksjonsevne.

027/26: Tiltak for å gjere RFF betre kjent i kommunen

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Det er ikkje forslag til vedtak i saka.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Fellesforslag

Rådet vel 3 medlemmer til ei arbeidsgruppe som saman med kommunikasjonssjef Vigleik Brekke skal utarbeida framlegg til tiltak for å gjera arbeidet i RFF meir kjent for folk flest. Arbeidsgruppa skal bestå av Stine Waagbø Lillebø, Christian Daae-Hansen og Renate Toft.

Behandling i møtet

Votering

Fellesforslaget frå RFF vart samrøystes vedteke.

Forslag til tiltak for å gjera rådet og arbeidet meir kjent

- Oppsøka relevante miljø: Ta initiativ til å besøka grupper som kan ha nytte av arbeidet til rådet. Særleg aktuelt er skulane ved oppstart av nytt skuleår, med ekstra merksemd på Hjelteryggen skule.
- Delta på arrangement: Stå på stand for å synleggjera rådet. Deltaking på Frivilligdagen må gå gjennom organisasjonane.
- Informasjon til organisasjonane: Arbeida systematisk med å gjera organisasjonane meir medvitne om rådet og rolla det har.
- Betre informasjonsdeling: Bli flinkare til å dela informasjon frå møte og rapportar, mellom anna rapportane frå Vigleik Brekke.
- Synleggjering i media: Vurdera å fronta ei sak i Vestnytt. Dette føreset ei sak som kan vinklast godt. Rådet kan òg utarbeida ein eigen artikkel, til dømes om skulesaka som er venta opp igjen til hausten.
- Fysiske informasjonskanalar: Hengja opp plakatar på innbyggjartorga.

Oppfølging

Vigleik Brekke vil laga ei aktuell sak til nettsida.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 027/26

Rådet vel 3 medlemmer til ei arbeidsgruppe som saman med kommunikasjonssjef Vigleik Brekke skal utarbeida framlegg til tiltak for å gjera arbeidet i RFF meir kjent for folk flest. Arbeidsgruppa skal bestå av Stine Waagbø Lillebø, Christian Daae-Hansen og Renate Toft.

028/26: Spørsmål

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026

Spørsmål - Barnevernet og oppfølging av barn med rettigheter etter helselovgivningen og deres pårørende Lisbeth Hjortland FFO

I kommunestyret 7/5-26 orienterte barnevernet om ei auke i saker som handlar om barn med nedsett funksjonsemne, altså barn som har rettar etter helse- og omsorgslovgjeving.

Kan barnevernet utdjupe dette? Handler ei slik auke om at foreldre ikkje klarar mer? Ser barnevernet en samanheng mellom tjenestetilbodet desse familiane får av det offentlege hjelpeapparatet og aukinga i slike saker?

Svar:

Barnevernet opplever i praksis at dei får mange bekymringsmeldingar om barn og familiar som strevar, utan at utfordringane nødvendigvis handlar om omsorgssvikt. I fleire av sakene gjeld det familiar med store hjelpebehov, til dømes knytt til sjukdom, funksjonsnedsetjingar eller høg omsorgsbelastning. I slike tilfelle ligg hovudansvaret hos helse- og omsorgstenestene, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-1.

Utfordringane oppstår ofte i grenseflata mellom tenestene og dei ulike lovverka. Barnevernet skal gripa inn når barn lever under forhold som kan skada helsa og utviklinga deira, jf. barnevernslova § 1-1. Samstundes skal helse- og omsorgstenestene gje nødvendig hjelp og støtte, som avlasting, helsehjelp og oppfølging i heimen.

I praksis ser vi at tenestene nokre ganger vurderer saker ulikt. Dei kan tolka belastninga i familien som omsorgssvikt, sjølv om familien eigentleg treng meir støtte. Dette kan føra til at barnevernet vert brukt som inngangsport for å få hjelp.

Ein viktig del av problembiletet er at behovet for tenester, særleg avlasting, ofte er større enn kapasiteten i kommunen. Når familiar ikkje får nok hjelp frå helse- og omsorgstenestene, kan situasjonen verta så krevjande at andre vert uroa, som igjen kan gjere at barnet får ein dårleg/manglande omsorgssituasjon

Dette kan få fleire følgjer:

- familiar kan oppleve det som belastande og stigmatiserande å verta melde til barnevernet
- barnet kan få forseinka hjelp eller feil type hjelp
- barnevernet må bruka ressursar på saker som eigentleg ligg utanfor kjerneoppdraget deira

Teoretisk kan vi forstå dette som eit «wicked problem», altså eit komplekst problem på tvers av sektorar, der ansvar og løysingar ikkje er tydeleg avgrensa. I tillegg fører kapasitetsutfordringar og spesialisering i tenestene til at samarbeidet ikkje alltid fungerer godt nok, sjølv om lovverket stiller krav om samhandling, jf. helse- og omsorgstenestelova § 3-4.

Kort sagt handlar dette om ei systemutfordring: korleis kan vi sikra at barn får rett hjelp til rett tid, når både ansvarsdeling og kapasitet i tenestene skapar vanskar?

Behandling i møtet

Eventuelle spørsmål og svar vart presentert i møtet.

Vedtak i Råd for personar med funksjonsnedsetjing 27.05.2026 - saksnr. 028/26

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.